



Maria Malmsten dirigerar, her berre til glede for fotografen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi er 125 år, men kjenner oss unge, og Maria får fram i oss glede ved å syngja. Det sa korleiar Jarle Fossheim ved opninga av jubileumskonserten til Rosendal Songlag i Borggarden på Baroniet søndag kveld.

Maria Malmsten er dirigent både for Rosendal-koret og Uskedalen-koret "Røysterett for alle" og ho fekk meir ros av Fossheim:

- Det er synd, Maria, at ikkje publikum får sjå kva du gir oss under øvingane!

Anmeldaren til innsida.no, Magne Fitjar, skriv at Maria lokka gull utav dei trauste kormedlemmene.

- Sju mannsstemmer og 18 kvinnelege er det Maria Malmsten har å rutta med. foruten si eiga stemme, som gjorde huldra desperat, held Fitjar fram.

Han slår fast at 'med spenn frå tradisjonelle folketonar frå Sverige og Noreg, via renessansemusikk og Wienerklassisk til vår samtids populærmusikk vart Borggarden fylt av munter og fulltonande musikalsk glede'.

Aasmund Taarn Sande i Kvinnheringen skriv at koret under vengjene til den energiske Maria Malmsten har utvikla seg og fått større spennvidde.

Av Ola Matti Mathisen